

## REFERAT

### MØTE I SAMARBEIDSUTVALG FOR NORDHORDLAND

Dato: 05.12.2014  
 Tid: Kl. 1230-1500  
 Stad: Møterom Regionrådet, Knarvik  
 Til stades: Tord Moltumyr, Anne Berit Kolås, Øystein Moldekleiv, Odd Ivar Øvregård, Geir Lien, Marit Voltersvik, Karstein Totland, Kjersti Nesse(vara for Tonhild Ringås Olsen), Kim Sperstad, Kjerstin Fyllingen, Åse Therese Nordstrønen, Johan Sandal og Anne Hildegunn Færøy  
 Ikkje møtt: Knut Mo, Peter Kubon, Ernst Horgen, Anne Sissel Faugstad, Petter Thornam, Hildegunn Bjånes  
 Møteleiar: Odd Ivar Øvregård Referent: Anne Hildegunn Færøy

Nr.	Innhald	Sakstype (Vedtak/ Drøfting/ Orientering)
36/14	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> - Godkjent utan merknader	V
37/14	<b>Godkjenning av referat frå sist møte</b> - Referat frå møte 22.09.2014 er godkjent utan merknader	V
38/14	<b>Handlingsplan 2015</b> - Presentasjon og gjennomgang av Handlingsplan for 2015 ved Kim Sperstad. - Planen har særleg fokus på oppfølging av samarbeidsavtalane og prioriterte områder som er meldt inn frå Samarbeidsutvala. - Det blir orientert om at Samarbeidsutvalet for Bergensregionen og Bergen kommune har komme med innspel til å ta inn eige punkt om utarbeiding av felles retningslinjer for samarbeid og fordeling av ansvar når pasientar har behov for tekniske hjelpemidlar, tilsvarende pkt. 4.2 i Handlingsplanen for 2013. - Utvalet peika på at pkt 5.3 og 5.4 er for lite konkret og at formuleringa for desse punkta må bli meir tydleg. Utvalet tilrår at pkt 5.3 vert endra frå « <i>Vurdere om det er naudsynt og mogleg å finne tiltak for å forbetre samarbeidet om...()</i> » til; « <i>Vurdere tiltak for å betre samarbeidet om...()</i> ». Dette gjeld også for pkt 5.4. - Vidare påpeikar utvalet at det er utfordrande å sikre oppfølging av handlingsplanen. Det må setjast fristar som er realistiske og som kan samordnast med møta i samarbeidsutvala. <u>Vedtak:</u> <i>Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til forslag til Handlingsplan for 2015, med endringar i pkt. 5.3 og 5.4, samt eige punkt om utarbeiding av felles retningslinjer for samarbeid og fordeling av ansvar når pasientar har behov for</i>	V

	<i>tekniske hjelpemidler.</i>	
39/14	<p><b>Avtalegjennomgang</b> Saksframlegg med tilrådingar frå SSE presentert av Kim Sperstad. Det vert tilrådd at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- overordna avtale vert halden uendra fram til neste gjennomgang.</li> <li>- ein vedtek ny tenesteavtale 8 for svangerskaps- fødsel og barselsfeltet mellom alle kommunane og Helse Bergen.</li> <li>- at resterande tenesteavtaler blir haldne uendra til neste gjennomgang.</li> <li>- at det ikkje blir utarbeidd fleire tenesteavtaler før ny gjennomgang av avtalane i desember 2015.</li> <li>- det blir utarbeidd faglege retningsliner, rutinar, prosedyrar når det fagleger eit ønskje frå partane og dette er forankra i samarbeidsutvala.</li> <li>- partane prioriterer å ta i bruk den felles retningslina for melding av avvik på tvers av helsenivåa, slik at ein systematisk gjennomgang av avvika i framtida kan gje eit grunnlag for å vurdere om det er tilrådeleg med ein revisjon av nokre punkt i dei pasientretta tenesteavtalene.</li> <li>- tiltak i tenesteavtalane blir følgde opp, og at prioritet for oppfølginga blir vurdert i arbeidet med handlingsplan 2015.</li> </ul> <p>Innspel til saka:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Medisinsk fagleg utval vil komme med innspel til dette arbeidet. Dei har arbeidd med tenesteavtale 10, og vil komme med innspel til vurdere/evaluering av denne avtalen.</li> </ul> <p><u>Vedtak:</u> <i>Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til tilrådingar frå Samarbeidssekretariatet når det gjeld gjennomgang av avtaleverket,</i></p>	<b>V</b>
40/14	<p><b>Avvik – bruk av elektronisk melding</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Saka gjeld bruk av meldingstypen – <i>Avvik</i> i PLO-meldingar.</li> <li>- Bruk av denne meldingstypen inneber at kommunar kan melde om avvik direkte i pasientjournalen.</li> <li>- Erfaringar til no viser at meldingstypen blir brukt feil, og at avvik som er meldt inn er av administrativ art, og såleis ikkje skal inn i pasientjournalen.</li> <li>- Frå sjukehusa si side er det ønskelig at muligheita til å bruke denne meldingstypen blir fjerna. Dette kan løysast ved at partane sjølv sikrar tilgangstyringa i journalsystemet, og på den måten sperrar tilgang til bruk av denne meldingstypen.</li> </ul> <p><u>Vedtak:</u> <i>SU for Nordhordland sluttar seg til at ein bør unngå å utveksle avviksmeldingar mellom helsenivåa via elektroniske pleie- og omsorgsmeldingar på ein slik måte at dei vert lagra i pasienten sin journal, både i spesialisthelsetenesta og i kommunen. Den enkelte part må sørge for å gjere nødvendige tilpassingar i sine journalsystem slik at tilgangen til å sende slike meldingar vert avgrensa., seinast frå 1.1.2015. SSE gis fullmakt til å justere det aktuelle punktet i retningslinje for elektronisk meldingsutveksling i tråd med dette.</i></p>	<b>V</b>

41/14	<p><b>Føringar ved utveksling av elektroniske PLO -meldingar på tvers av føretaksgrense</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- I løpet av våren 2015 vil det bli mulig å sende elektroniske meldingar mellom sjukehus og kommunar, på tvers av føretaksgrensene. Alle kommunar innan Helse Vest vil teknisk sett vere tilgjengelig for elektronisk meldingsutveksling, utan at det er tilrettelagt for dette mot andre enn det føretaket/sjukehuset dei per i dag har en samarbeidsavtale med. Dette kan utgjere ei potensiell feilkjelde.</li> <li>- Med bakgrunn i dette er det utarbeidd felles føringar for kommunar og helseføretak i Helse Vest RHF som gjeld samhandling om pasientar som trenger hjelp frå den kommunale helse- og omsorgstenesta etter utskriving frå spesialisthelsetenesta, og der det ikkje er inngått tenesteavtalar som regulerer inn- og utskriving mellom aktuelle kommune og sjukehus.</li> </ul> <p><u>Vedtak:</u>  <i>Samarbeidsutvalet for Nordhordland slutter seg til at det vert opna for å utveksla elektroniske pleie- og omsorgsmeldingar på tvers av føretaksområda innanfor Helse Vest slik det er presentert i saksframlegg. Partane forpliktar seg til å legge vedlagte føringar til grunn for den elektroniske samhandlinga mot samarbeidsparter i områder ein ikkje har inngått tenesteavtale 3-5med.</i></p>	V
42/14	<p><b>Forprosjekt – folkehelse for barn og unge innan psykisk helse og rus</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Presentasjon av planar om prosjekt - Folkehelse for barn og unge innan psykisk helse og rus ved Rolf Martin Tande og Torleiv Frotjold.</li> <li>- Eit prosjekt som er særleg retta mot korleis ein kan nå born og unge i Nordhordland med førebyggjande arbeid innan psykisk helse og rus.</li> <li>- Føremålet med prosjektet er å bygge opp ein fagleg kompetansebase som kan rettleie og gje undervisning i kommunane.</li> <li>- Målgruppene er elevar, foreldre og tilsette i oppvekst, barnevern og helse.</li> </ul> <p><u>Innspel frå utvalet:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Representasjonen i forprosjektet må sikra forankring på fagleg og administrativt nivå.</li> <li>- Det er naudsynt med ei tydeleg konkretisering av prosjektet med organisering, finansiering og framdriftsplan.</li> <li>- Utvalet ber om at det som i saksframlegget er kalla styringsgruppe blir omgjort til prosjektgruppe, og at det blir vurdert om Samarbeidsutvalet for Nordhordland skal vere styringsgruppe for prosjektet.</li> <li>- I framlegg til styrings-/prosjektgruppe manglar det brukarrepresentant. Dette må bli ivaretatt. Brukarrepresentant kan utpeikast av brukarutvalet i Helse Bergen.</li> <li>- Det vert stilt spørsmål ved om dette kan vere eit av «fyrårnstiltaka» i helsehuskonseptet.</li> </ul> <p><u>Vedtak:</u>  Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til oppstart av forprosjekt - folkehelseprosjekt for born og unge innan psykisk helse og rus som eit samhandlingsprosjekt mellom Helse Bergen og kommunane i Nordhordland. SU sluttar seg til at det vert sett ned prosjektgruppe med ei samansetting som sikrar brukarmedverknad og forankring i kommunane på fagleg og administrativt nivå.</p>	V

43/14	<p><b>Program for toppleiar møte 14. januar 2015</b></p> <p>Ingen innspel til programmet frå dette utvalet.</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland ønskjer at ikkje berre leiar, men også nestleiar i samarbeidsutvalet blir invitert saman med ordførarar og rådmenn.</p>	<b>O/D</b>
	<p><b>Orientering frå Samarbeidssekretariatet om status for oppfølging av tidlegare og aktuelle saker m.v.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Revisjon av tenesteavtale 8 - om svangerskap, fødsel og barsel. Bergen kommune har meldt at dei vil komme med innspel til siste versjon av avtalen . Med bakgrunn i dette er det tilrådd at SUa ventar med handsaming av avtalen til alle partar har komme med sine innspel og endeleg versjon er ferdigstilt.</li> <li>- Orientering av sentrale saker frå IKT samhandlingsutval. Referat frå siste møte blir sendt til samarbeidsutvala når det er klart.</li> </ul>	<b>O</b>
	<p><b>Gjensidig orientering frå partane om pågåande eller planlagde prosesser, samarbeidstiltak</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kort orientering om helsehusprosjektet, bygg og planar for vidare arbeid med tenesteutvikling. Tomt er avklara, det er inngått avtale med firma som skal ivareta byggeprosjektleiinga, og det er sett i gang prosess for å starte programmeringsfasen i byggeprosjektet. I tillegg er det starta prosess for å vurdere kva område og korleis ein skal sikre synergjar og tenesteutvikling i prosjektet. SU Nordhordland ønskjer ei meir utfyllande orientering om Helsehusprosjektet i neste møte, og ber om at det vert sett på sakslista.</li> <li>- HDS – er i gang med førebuingar for byggestart for Nye Haraldsplass. Det er særleg endringar på parkeringsområdet som er merkbar no. Skisse med oversikt over parkeringsområde blir lagt ved i utsending av referat.</li> <li>- HDS har invitert kommunane til samhandlingsmøte om PLO-meldingar over nyttår. Invitasjon er sendt til leiarar innan PLO i kommunane i Nordhordland.</li> </ul>	<b>O</b>
46/14	<p><b>Møteplan samhandling 2015</b></p> <p>Samarbeidsutvalet i Nordhordland sluttar seg til forslag til møteplan for 2015.</p>	<b>V</b>
47/14	<p><b>Evt.</b></p> <p>Ingen saker meldt.</p>	